

# LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE (GEBYRREGULATIV) FOR MELAND KOMMUNE

## 1 INNHOLD

1	INNHOLD.....	1
2	HEIMEL .....	3
3	IVERKSETTING.....	3
4	GENERELLE REGLAR.....	3
4.1	Betalingsplikt .....	3
4.2	Kva for regulativ skal nyttast .....	3
4.3	Fastsetting av gebyr .....	4
4.4	Betalingstidspunkt.....	4
4.5	Avbrote arbeid.....	4
4.6	Mangelfull sak .....	4
4.7	Avvist sak.....	4
4.8	Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.....	5
4.9	Gebyr til statlege etatar .....	5
4.10	Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd).....	5
4.11	Oppmålingsforretning utført av rekviert med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A) ...	5
4.12	Søknad om redusert gebyr .....	5
4.13	Klage .....	5
4.14	Endring av regulativet .....	5
5	TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID .....	6
5.1	Timepris.....	6
6	DIGITALT KARTGRUNLAG .....	6
7	PLANSAK .....	6
7.1	Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12) .....	6
7.2	Endring av reguleringsplan (pbl kap 12).....	7
8	UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18).....	7
9	DISPENSASJONSSAK (pbl kap 19) .....	8
10	SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20) .....	9
10.1	Førehandskonferanse.....	9
10.2	Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-1).....	9

10.3	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-2).....	11
11	OPPRETTING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m) .....	12
12	ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32).....	12
13	HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA .....	13
13.1	Etablering av ny matrikkeleining .....	13
13.2	Areal-/volumoverføring.....	13
13.3	Justering av grense .....	13
13.4	Klarlegging av eksisterande grense .....	14
13.5	Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser .....	14
13.6	Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon .....	14
13.7	Registrering av jordsameige .....	14
13.8	Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr).....	15
13.9	Avbrot i rekvirert arbeid.....	15
13.10	Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11.....	15
14	HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2).....	16
14.1	Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom .....	16
15	HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12).....	16
15.1	Konsesjon (konsesjonslova §§ 2 og 3).....	16
15.2	Delingssamtykke (jordlova § 12) .....	16
16	HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4).....	16
16.1	Delegert mynde .....	16
17	HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA.....	17
17.1	Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2).....	17
17.2	Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12).....	17
17.3	Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 ) .....	17

## 2 HEIMEL

### Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vedteke med heimel i:

- *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1*
- *Lov om eigedomsregistrering av 17. juni 2005 (matrikkellova) § 32 og Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (matrikkelforskrifta) § 16*
- *Lov om eierseksjoner av 20. mars 1997 § 7*
- *Lov om vern mot forurensning av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a og Forskrift av 1. juni 2004 nr 931 om begrensning av forurensning § 11-4*
- *Lov om behandlingmåter i forvaltningssaker § 27 a og Forskrift av 14. desember 2011 nr 1336 om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v.*
- *Lov om havner og farvann av 17. april 2009 § 6*

## 3 IVERKSETTING

Gebyrregulativet er vedteke av Kommunestyret i Meland den 17.12.2014 og gjeld frå den 01.01. 2015.

Gebyrregulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

## 4 GENERELLE REGLAR

### 4.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og føresegnene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende gebyr der kommunen har kravd og motteke for mykje i gebyr. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrenter frå forfallsdato i samsvar med forsinkelsesrentelova (Lov om renter ved forsinket betaling m.m av 17. desember 1976).

Det skal betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag på søknad.

Blir seksjoneringsbegjæring avvist skal tinglysningsgebyret og halve sakshandsamingsgebyret betalast attende til rekvirent, jf eierseksjonslova § 7 (5).

### 4.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyr skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som kommunen krev for å handsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å handsama neste ledd i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som skal reknast ut etter timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

### **4.3 Fastsetting av gebyr**

Gebyr etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjar si side.

Gebyr vert fastsett som eit basisgebyr + eventuelle faste tilleggsgebyr.

I tiltakssaker (byggesak) vert gebyr fastsett pr tiltak.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsgebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Kommunen kan velje å rekne gebyr etter medgått tid i staden for fast gebyr, der gebyr etter medgått tid overstig fast sats. Gebyr vert då fastsett ved enkeltvedtak.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer 1 % av gebyr for tiltakssaker, jfr pbl § 33-1.

Gebyr for handsaming etter Lov om havner og farvann kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr. For kommunar som har delegert mynde til Bergen og omland havnevesen vert gebyret fakturert direkte frå Bergen og omland havnevesen.

### **4.4 Betalingstidspunkt**

Kommunen kan krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til, jf matrikkelforskrifta § 16(5) og plan- og bygningslova § 21-4(6).

For plansaker, medrekna utbyggingsavtalar og planprogram mm, skal gebyr vere betalt før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn.

For saker der gebyr vert rekna etter medgått tid vert gebyr fakturert etterskotsvis.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, jf pkt 4.6, kan ved store oppdrag fakturerast månadsvis.

Klage på gebyr eller søknad om fritak for å betale gebyr, medfører ikkje rett til lengre betalingsfrist.

### **4.5 Avbrote arbeid**

Når kommunen sitt arbeid blir avbrote av rekvirent/søkjar skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, etter timesats eller etter sats som for avvist / mangelfull sak.

### **4.6 Mangelfull sak**

Dersom motteke sak er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunne handsame henne skal saka verte arkivert utan handsaming, og med melding til søker. Det vert å betale gebyr for mangelfull sak.

### **4.7 Avvist sak**

Dersom motteke sak er i strid med føresegn gjeve i plan, lov eller forskrift kan kommunen treffe vedtak om avvising. Det vert å betale gebyr for avvist sak.

#### **4.8 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp**

Når kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga kan kommunen, i tillegg til gebyret, krevje å få refundert utlegga av den som skal betala saksgebyret.

#### **4.9 Gebyr til statlege etatar**

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i knytt til oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysingsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

#### **4.10 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)**

Perioden 01.12 – 31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

#### **4.11 Oppmålingsforretning utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A)**

Når det er ønskjeleg for kommunen, kan kommune ved skriftleg avtale overlata til rekvirent å utføre sjølve oppmålingsforretninga eller teknisk del av denne. Arbeidet skal utførast av kvalifisert landmålar, godkjent av kommunen. I avtalen skal det m.a. fastsetjast arbeidsdeling og samhandlingsrutinar. Jf. gebyrregulativet pkt 13.9.

#### **4.12 Søknad om redusert gebyr**

Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn.

Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.

#### **4.13 Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.

#### **4.14 Endring av regulativet**

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner og satsar frå kr. 1000 til heile hundre kroner.

## 5 TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

### 5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr pkt 4.3, skal ein bruke følgjande timesatsar:

		2014	2015
5.1.1	Kontorarbeid	850	880
5.1.2	Feltarbeid	1 100	1100

## 6 DIGITALT KARTGRUNLAG

Betaling for kartdata vert rekna ut i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå [www.statkart.no](http://www.statkart.no).

## 7 PLANSAK

### 7.1 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

		2014	2015
7.1.1	Obligatorisk oppstartsmøte	5 900	6 500
7.1.2	Basisgebyr plansak	25 000	31 000
7.1.3	Fast tilleggsgebyr plansak		
	a) Areal planområde over 25 da. Pr 25 da: Areal som styresmakt har kravd inn i planområdet skal ikkje reknast med. Kommunen avgjer kva areal som ikkje vert rekna med.	5 000	5 200
	b) Bygningsareal (BYA). Pr 1000 m <sup>2</sup> :	5 000	5 200
	c) Sentrumsformål	15 000	15 500
	d) Næringsformål	10 000	10 400
	e) Tettstad	10 000	10 400
	f) Vilkår i overordna plan	10 000	10 400
	e) Planforslag i strid med overordna plan	35 000	36 200
7.1.4	Tilleggsgebyr for kommunen sitt ekstra arbeid ved tilarbeiding av planforslag, etter medgått tid, minstegebyr:	6 800	7 000
7.1.5	Mangelfull sak m/melding til søkjar	2 900	3 000
7.1.6	Avvist sak	2 900	3 000

		<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>7.1.7</b>	<b>Godkjenning av konsekvensutgreiing (jf pbl kap 4), etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000
<b>7.1.8</b>	<b>Godkjenning av planprogram (jf pbl kap 4), etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000

## **7.2 Endring av reguleringsplan (pbl kap 12)**

		<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>7.2.1</b>	<b>Små endringer i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)</b>	5 800	6 000
<b>7.2.2</b>	<b>Mindre endring i reguleringsplan (jf pbl § 12-14)</b>	12 000	12 400
<b>7.2.3</b>	<b>Endringer som skal handsamast av kommunestyret</b>	Som for ny sak	
<b>7.2.4</b>	<b>Mangelfull sak m/ melding til søker</b>	2 900	3 000
<b>7.2.5</b>	<b>Avvist sak</b>	2 900	3 000

## **8 UTBYGGINGSAVTALE (pbl kap 17) OG REFUSJONSSAK (pbl kap 18)**

		<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>8.1.1</b>	<b>Utbyggingsavtale, etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000
<b>8.1.2</b>	<b>Refusjonssak, etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000

## 9 DISPENSASJONSSAK (pbl kap 19)

		2014	2015
9.1.1	Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone, pbl § 1-8	10 100	10 500
9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	10 100	10 500
9.1.3	Dispensasjon som gjeld arealformål LNF for mindre tiltak på bygd eigedom, utanfor 100 m beltet til sjø eller vassdrag. Jf. definisjonen av mindre tiltak i pbl § 20-2, jf SAK § 3-1.	4300	5 000
9.1.4	Dispensasjon som gjeld plankrav eller rekkefølgekrev i plan	10 100	6 000
9.1.5	Andre dispensasjonar frå plan, lov eller forskrift	5 800	6 000
9.1.6	Dispensasjonsvurdering i samband med søknad om tiltak, der det for mindre enn tre år sidan er gjeve dispensasjon for deling	50 % av fullt gebyr	
9.1.7	Mellombels dispensasjon (reversibelt)	Som ordinær dispensasjon	
9.1.8	Mangelfull sak m/melding til søkjer	2 900	3 000
9.1.9	Avvist sak	2 900	3 000
9.1.10	Søknad om dispensasjon som vert trekt av søkjar	2900	3 000



## 10 SØKNADSPLIKTIGE TILTAK (BYGGESAK) (pbl kap 20)

### 10.1 Førehandskonferanse

		2014	2015
10.1.1	Førehandskonferanse	0	3 000

### 10.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-1)

		2014	2015
10.2.1	<b>Basisgebyr bygg for bustad / fritidsbustad</b> Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentleg endring og reparasjon. Rivning. For tilleggseining i einestad skal det betalast 50 % av basisgebyr. I fleirmannsbustadar skal det betalast 100 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 1 til og med nr 4, 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med bustadeining nr 11.	13 400	13 900
10.2.2	<b>Basisgebyr bygg for industri / næring / tenesteyting landbruk/ publikum</b> Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentleg endring og reparasjon. Rivning.	15 400	16 000
10.2.3	<b>Fast arealtillegg for bygg etter pkt 10.2.2 (BRA)</b>		5,-/m <sup>2</sup>
10.2.4	<b>Basisgebyr fellesbygg</b> Jf. pbl § 20-1 a-e og j. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentleg endring og reparasjon. Rivning. Felles naust, sjøbod, bod, parkering, o.l. Gjeld frittliggjande fellesanlegg og fellesanlegg i tilknytning til andre bygg (t.d. i kjellar). Gebyr pr eining/p-plass. 100 % av basisgebyr frå og med eining nr 1 til og med nr 5, 50 % av basisgebyr frå og med eining nr 6 til og med nr 10, og 20 % av basisgebyret frå og med eining nr 11.	5 800	6 000
10.2.5	<b>Basisgebyr konstruksjonar og anlegg</b> Jf. pbl § 20-1 a-l. Oppføring. Tilbygg/påbygg/underbygg. Vesentleg endring og reparasjon. Rivning. Veganlegg, parkeringsplass og landingsplass, VA-anlegg, jordtippar, massetak, terrenginngrep og planering, innhegning og støttemur, hamne- og kaianlegg	13 400	13 900

		2014	2015
<b>10.2.6</b>	<b>Basisgebyr andre bygninger, konstruksjonar og anlegg</b> Oppføring av enkeltstående garasje/carport, naust, uthus/bod, terrasse og liknande. Kai/flytebryggje/molo inn til 15 m <sup>2</sup> . Basseng. Antenne/mast/skilt. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar og terrenginngrep på bygd eigedom. Separat søknad om enkle byggtekniske installasjonar. Tilbygg som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Fasadeendring og annan mindre endring/reparasjon som ikkje gjev ny brukseining eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Riving av tiltak som nemnd i dette punktet. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining.	5 800	6 000
<b>10.2.7</b>	<b>Basisgebyr bruksendring</b> Gebyr vert rekna ut i frå det føremålet det vert endra til.	Som for ny sak	
<b>10.2.8</b>	<b>Delt sakshandsaming</b> T.d: Igangsetjingsløyve. Endringar i løyve. Mellombels bruksløyve.	2 900	3 000
<b>10.2.9</b>	<b>Godkjenning av ansvarsrett</b> Gebyret kjem i tillegg til ordinært basisgebyr/gebyr for delt sakshandsaming.		
	a) Pr foretak som har sentralgodkjenning	0	
	b) Pr foretak som ikkje har sentralgodkjenning	2 900	3 000
	c) Personleg godkjenning (sjølvbyggjar)	2 900	3 000
<b>10.2.10</b>	<b>Mangelfull sak m/melding til søker</b>	2 900	3 000
<b>10.2.11</b>	<b>Avvist sak</b>	2 900	3 000

### 10.3 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-2)

		2014	2015
<b>10.3.1</b>	<b>Basisgebyr</b> Jf. pbl § 20-2 og SAK10 §§ 3-1 og 3-2 Oppføring. Endring og reparasjon. Rivning. Tilbygg < 50 m <sup>2</sup> . Frittliggjande uthus/garasje på bygd eigedom, < 70 m <sup>2</sup> . Mindre skilt/reklame/antennesystem på bygd eigedom. Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel innafor ei brukseining. Driftsbygning i landbruket < 1000 m <sup>2</sup> Tilbygg til driftsbygning i landbruket (totalareal < 1000 m <sup>2</sup> ) Midlertidige bygningar/ konstruksjonar/anlegg inn til 2 år	5 300	5 500
<b>10.3.2</b>	<b>Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel</b> T.d: Mindre murar. Fasadeendring.	2 900	3 000
<b>10.3.3</b>	<b>Godkjenning av ansvarsrett (der tiltakshavar vel å ha ansvarleg føretak)</b> Gebyret kjem i tillegg til ordinært basisgebyr/gebyr for delt sakshandsaming.		
	a) Pr foretak som har sentralgodkjenning		0
	b) Pr foretak som ikkje har sentralgodkjenning	2 900	3 000
<b>10.3.4</b>	<b>Mangelfull sak m/melding til søker</b>	2 900	3 000
<b>10.3.5</b>	<b>Avvist sak</b>	2 900	3 000

## 11 OPPRETNING AV NY EIGEDOM (DELINGSSAK)(pbl § 20-1 m)

		2014	2015
11.1.1	<b>Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan.</b>	2 500	3 000
11.1.2	<b>Deling i samsvar med arealformål, men:</b>		
	a) der grensene ikkje er fastsett i godkjent plan	5 500	5 700
	b) der området er uregulert	5 500	5 700
	c) der grensene ikkje er i samsvar med grenser i godkjent plan	5 500	5 700
11.1.3	<b>Deling som ikkje er i samsvar med arealformål</b>	8 000	8 000
11.1.4	<b>Oppretting av ny anleggseigedom</b>	Etter avtale	
11.1.5	<b>Mangelfull sak m/melding til søker</b>	2 900	3 000
11.1.6	<b>Avvist sak</b>	2 900	3 000

## 12 ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

		2014	2015
12.1.1	<b>Avdekking/påvising av ulovleg tiltak</b> Registrering. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Kontakt med tiltakshavar.	3 500	4 000
12.1.2	<b>Vedtak med pålegg om retting eller stans (pbl § 32-3 og 32-4)</b> Kostnader med tinglysing kjem i tillegg.	5 800	6 000
12.1.3	<b>Vedtak om tvangsmulkt (pbl § 32-5)</b>	5 800	6 000
12.1.4	<b>Utferding av førelegg (pbl § 32-6)</b>	5 800	6 000
12.1.5	<b>Kommunen sitt arbeid med tvangsfullbyrding (pbl § 32-7)</b> Kostnader med faktisk tvangsfullbyrding kjem i tillegg, fastsett etter rekning.	5 800	6 000

## 13 HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA

### 13.1 Etablering av ny matrikkeleining

		2014	2015
13.1.1	Basisgebyr for etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste	10 000	10 400
13.1.2	Fast arealtillegg		
	a) Areal frå 201 til og med 3 000 m <sup>2</sup>	12 500	13 000
	b) Areal frå 3 001 til og med 20 000 m <sup>2</sup>	17 900	18 500
	c) Areal frå og med 20 001 m <sup>2</sup> , etter medgått tid, minstetillegg:	30 000	31 100
13.1.3	Tillegg for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	3 200	3 300
13.1.4	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn	Som for etablering	
13.1.5	Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid	75 % av aktuell sats	
13.1.6	Oppretting av anleggseigedom	Etter avtale	

### 13.2 Areal-/volumoverføring

		2014	2015
13.2.1	Basisgebyr arealoverføring	10 000	10 400
13.2.2	Fast arealtillegg		
	a) Areal frå og med 501 m <sup>2</sup> til og med 3 000 m <sup>2</sup>	12 500	13 000
	b) Areal frå og med 3 001 m <sup>2</sup> til og med 20 000 m <sup>2</sup>	17 900	18 500
	c) Areal frå og med 20 001 m <sup>2</sup> , medgått tid, minstetillegg:	30 000	31 100
13.2.3	Volumoverføring for anleggseigedom	Etter avtale	

### 13.3 Justering av grense

		2014	2015
13.3.1	Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	8 000	8 300
13.3.2	Justering av grunn for anleggseigedom	Etter avtale	

### 13.4 Klarlegging av eksisterande grense

		2014	2015
13.4.1	<b>Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense i samsvar med grense som er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning , eller tilsvarende forretning etter anna eller tidlegare lovgjeving.</b> Inntil 4 punkt. Avvik inntil 10cm, jf matrikkelforskrifta § 36, 2.ledd.	5 500	5 700
13.4.2	<b>Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå og med punkt 5)</b>	1 500	1 500
13.4.3	<b>Basisgebyr for klarlegging av eksisterande grense der grense ikkje er i samsvar med det som tidlegare er koordinatbestemt eller ikkje er koordinatbestemt</b> Inntil 4 punkt.	9 600	9 900
13.4.4	<b>Tilleggsgebyr pr overskytande punkt (frå om med punkt 5)</b>	1 700	1 700
13.4.5	<b>Basisgebyr ved uavklarte grensepunkt</b>	Gebyr som for etablering	

### 13.5 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

		2014	2015
13.5.1	<b>Klarlegging av rettar og servituttar, etter medgått tid, minstegebyr kr:</b>	2 900	3 000
13.5.2	<b>Matrikkelføring av privat avtale om grenser, etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000

### 13.6 Etablering og endring av uteareal til eigarseksjon

		2014	2015
13.6.1	<b>Basisgebyr</b>		
	a) Areal frå 0 til og med 50 m <sup>2</sup>	10 000	10 400
	b) Areal frå 51 til og med 250 m <sup>2</sup>	13 400	13 900
	c) Areal frå 251 til 2 000 m <sup>2</sup>	16 700	17 300
	d) Areal frå og med 2 001 m <sup>2</sup>	19 000	19 700

### 13.7 Registrering av jordsameige

		2014	2015
13.7.1	<b>Registrering av eksisterande, uregistrert jordsameige, etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000
13.7.2	<b>Endring i registrert sameigefordeling, etter medgått tid, minstegebyr:</b>	2 900	3 000

### 13.8 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

		2014	2015
13.8.1	Matrikkelbrev inntil 10 sider	175	175
13.8.2	Matrikkelbrev over 10 sider	350	350

### 13.9 Avbrot i rekvirert arbeid

		2014	2015
13.9.1	Avbrot forårsaka av rekvirent, etter medgått tid, minstegebyr:	2 900	3 000
13.9.2	Avvist sak, etter medgått tid, minstegebyr:	2 900	3 000
13.9.3	Mangelfull sak m/ melding til søkjar, etter medgått tid, minstegebyr:	2 900	3 000

### 13.10 Oppmålingsforretning som vert utført av rekvirent med kvalifisert landmålar (matrikkellova § 5A), jf regulativet pkt 4.11

		2014	2015
13.10.1	Tilrettelegging av datagrunnlag (kommunen sitt ansvar)		10 %
13.10.2	Administrativ del av oppmålingsforretninga og tilhøyrande dokumentasjon		40 %
13.10.3	Teknisk arbeid og dokumentasjon		15 %
13.10.4	Kontroll av punkt 2 og 3, og matrikkelføring (kommunen sitt ansvar)		35 %
13.10.5	Ved mangelfull dokumentasjon, kommunen sin kontroll og påpeiking av manglar: etter medgått tid, minstegebyr	2 900	3 000

## 14 HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (kap 2)

### 14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eiendom

14.1.1	Sak som krev synfaring	5 rettsgebyr
14.1.2	Sak som ikkje krev synfaring	3 rettsgebyr
14.1.3	Tilleggsgebyr for utarbeiding av matrikelbrev for grunnareal som en del av ein seksjon	Gebyr etter reglane om tildeling og endring av uteareal til eigarseksjon.

## 15 HANDSAMING ETTER KONSESJONSLOVA (kap 5) OG JORDLOVA (§ 12)

### 15.1 Konesjon (konesjonslova §§ 2 og 3)

		2014	2015
15.1.1	Konesjon (maksimumsgebyr)	5 000	5 000
15.1.2	Konesjon (for kjøpesum mindre enn kr 1 mill)	2 500	2 500

### 15.2 Delingssamtykke (jordlova § 12)

		2014	2015
15.2.2	Delingssamtykke etter jordlova § 12 (maksimumsgebyr)	2 000	2 000

## 16 HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (kap 4 )

### 16.1 Delegert mynde

Meland kommune har delegert mynde sitt etter hamne- og farvasslova, med heimel i hamne- og farvasslova § 10, til Bergen og Omland havnesen (BOH), jf vedtak i sak KS-182/11 den 14.12.2011.

For søknad om løyve til tiltak i sjø, jf hamne- og farvasslova § 27, skal det betalast gebyr til Bergen og Omland havnesen. Gebyrsatsar er vedtekne med heimel i hamne- og farvasslova §6, i *Lokal forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland havnevesen av 08.12.2011.*



## 17 HANDSAMING ETTER UREININGSLOVA

### 17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ureiningsforskrifta kap 2)

		2014	2015
17.1.1	Etter medgått tid, minstegebyr kr:	2 900	3 000

### 17.2 Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ureiningsforskrifta kap 12)

		2014	2015
17.2.1	<b>Utsleppsløyve</b>		
	a) For utslepp kalkulert til inntil 50 pe	4 900	5 100
	b) For utslepp kalkulert til mellom 51 og 2000 pe til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	6 800	7 000
	c) For utslepp kalkulert til større enn 2001 pe til ferskvatn / elv og 10 000 pe til sjø	11 200	11 600
17.2.2	<b>Fornya søknad innan 3 månader og før anlegget er etablert</b>	50 % av ny søknad	
17.2.3	<b>Mangelfull sak m/melding til søker</b>	2 900	3 000
17.2.4	<b>Avvist sak</b>	2 900	3 000

### 17.3 Kontroll av avløpsanlegg (ureiningslova kap 7 og ureiningsforskrifta § 12-2 )

		2014	2015
17.3.1	<b>Kontroll</b>		
	a) Anlegg der utsleppet er < 50 pe	2 700	2 800
	b) Anlegg der utsleppet er mellom 50 og 2000 pe til ferskvatn/elv og 10 000 til sjø	4 300	4 500
	c) Anlegg der utsleppet er større enn 2000 pe til ferskvatn / elv og 10 000 pe til sjø	6 900	7 100